



Arkivnr: 2014/1144-1

Saksbehandlar: Nils E Grude

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Klagenemnda		04.02.2014

## Klage på avslag på søknad om dispensasjon frå byggegrense ved Våga i Sveio kommune

### Samandrag

Dalen Eiendom AS vil sette opp nytt hus etter brann i 2012 12,5 meter frå midtlinja til Fv 1 ved Våga i Sveio kommune, og søker om dispensasjon frå byggegrensa som her er sett til 30 meter. Statens vegvesen avslår søknaden om dispensasjon og viser og til at i høve til framtidig omlegging av Fv 47 vil eit nytt hus ligge 25 meter frå midtlinja for den omlagde vegen som har ei byggegrense på 50 meter.

Statens vegvesen avslår søknaden om dispensasjon frå byggegrensa. Representant for Dalen Eiendom AS ankar avslaget frå Statens vegvesen, og grunnjev anken m.a. med kva som kan gjerast av bygningsmessige tiltak for å sikre bustaden mot støykjeldene frå på Fv 1. Og vidare at når det gjeld støy frå den planlagde brua for Fv 47 over dalen så vil brua føre til at støy frå vegen, 11 meter over golvnivå på det nye huset, vil dempe støyen frå vegtrafikken.

Fylkesrådmannen er samd i dei vurderingane som ligg til grunn for avslaget frå Statens vegvesen på søknaden om dispensasjon frå byggegrense til Fv 1. Når det gjeld byggegrense til den framtidige traséen for Fv 47 så vil støysituasjonen bli ytterlegare dårlegare enn i høve til Fv 1. Eg tilrår difor at klagenemnda avslår klagen frå Dalen Eiendom AS om søknad om dispensasjon frå byggegrensa

### Forslag til vedtak

Klagenemnda avslår klagen frå Dalen Eiendom AS om å få dispensasjon for gjenoppbygging av nytt hus 12,5 meter frå vegmidte til Fv 1 på gnr. 72 bnr. 76 i Sveio kommune.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Håkon Rasmussen  
fylkesdirektør samferdsel

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

**Fylkesrådmannen, 15.01.2014**

Statens vegvesen sender i brev av 29.11.13 over klage på avslag på dispensasjon frå byggegrense frå Fv 1 på Våga i Sveio kommune (sjå vedlegg).

**Bakgrunn for saka**

Bustadhuset som ligg ved Fv 1 rett før kryss med Fv 47 like ved grensa til Rogaland fylke brann ned sommaren 2012. Eigedomen er eigd av Dalen Eiendom AS i Sveio som ønskjer å sette opp nybygg 12,5 meter frå midtlinja på Fv 1 søkte 08.05.13 om dispensasjon frå byggegrensa som i rammeplanen for byggegrense og avkjørslar ligg i haldningsklasse 3 med tilrådd byggegrense 30 meter.

I denne saka ligg det ved brev- og e-post mellom FrendeForsikring og advokatar som representerer Dalen Eiendom AS. Kort oppsummert går kommunikasjonen frå FrendeForsikring til Dalen Eiendom AS på at FrendeForsikring ønskjer av nybygget vert sett opp på same staden om det vert gjeve godkjenning til det frå kommunen og Statens vegvesen. I e-postutvekslinga går det fram at FrendeForsikring har vore i kontakt med Sveio kommune og kommunen tilrår at det ikkje vert bygd nytt hus på same staden. Sveio komme viser her til Statens vegvesen som arbeider med omlegging av Fv 47 og flytting av krysset med Fv 1 ( sjå nedanfor).

Saksutvekslinga mellom FrendeForsikring og representantane for Dalen Eiendom AS vedkjem ikkje denne saka om søknad om dispensasjon frå byggegrensa, men vert likevel nemnt her sidan dette følgde med ankesaka frå Statens vegvesen.

Bakgrunn for avslaget frå Statens vegvesen

I avslaget frå Statens vegvesen, datert 15.08.13, vert det vist til at det er i gang reguleringsplanarbeid for Fv 47 med sannsynleg vedtak hausten 2013. For Fv 47 ligg det etter rammeplanen for byggegrenser og avkjørslar ei byggegrense på 50 meter, og som Statens vegvesen viser til, er traséen tenkt lagt om med bru over dalen i dette området. Vi viser og til vedlagte kart med innteikna ny trasé (kraftig teikna) og noverande trasé (svakt teikna). Slik søkjar om dispensasjon har teikna inn huset vil det då kome i ein avstand på 25 meter frå vegmidte for den nye traséen for Fv 47. Dette vil føre til at eigedomen som i dag ligg i gul støysone vil kome nærare raud støysone, og det vil føre til at støy-/miljøplage frå vegen vil bli vesentleg større både ute og inne. I avslaget frå Statens vegvesen vert det nærare forklart kva retningslinjene for støy i arealplanlegging inneber (sjå vedlegg). Statens vegvesen avslår søknaden om dispensasjon frå byggegrensa.

Klage på avslag om søknad om dispensasjon

I klagen frå representanten for Dalen Eiendom AS, datert 03.09.13, vert det vist til kva som kan gjerast av bygningsmessige tiltak for å sikre bustaden mot støykjeldene frå på Fv 1. Når det gjeld tilhøvet til omlegginga av Fv 47 så vert det vist til at etter deira oppmålingar vil huset ligge nesten 40 meter frå vegsenter. Vidare at når det gjeld støy frå den planlagde brua over dalen så vil brua føre til at støy frå vegen, 11 meter over golvnivå på det nye huset, vil dempe støyen frå vegtrafikken.

Endeleg avslag på søknad om dispensasjon og oversending av klage til avgjerd i Klagenemnda

Statens vegvesen sender i brev av 29.11.13 over saka til endeleg handsaming i Klagenemnda. Det vert her gjentatt at byggegrensa for Fv 1 er 30 meter og for Fv 47 50 meter, og kvifor byggegrensene er satt slik. Statens vegvesen stadfester i brevet sitt tidlegare vedtak, i brev av 15.08.13., om avslag på søknaden om dispensasjon frå byggegrensa ved Fv 1 hp 51 km 0717 på gnr 72 bnr 76 for gjenoppbygging av eit nedbrent hus med ein avstand på 12,5 meter frå vegmidte.

### **Fylkesrådmannen sine merknader**

Fylkesrådmannen er samd i dei vurderingane som ligg til grunn for avslaget frå Statens vegvesen på søknaden om dispensasjon frå byggegrense til Fv 1. Når det gjeld byggegrense til den framtidige traséen for Fv 47 så vil støysituasjonen bli ytterlegare dårlegare enn i høve til Fv 1. Eg tilrår difor at klagenemnda avslår klagen frå Dalen Eiendom AS om søknad om dispensasjon frå byggegrensa.